



ÅRSMELDING 2018

Styret i meldingsåret:

Leiar: Olav Steinar Namtvedt
Nestleiar/skrivar: Geir Olav Repål
Styremedlem: Adelheid Instebø
Varamedlem: Leif Taule
Medlemsregistrering: Gunnar Friis
Turngruppa: Tanja Thomassen og Even Askeland
Bananemnda Sletta: Olav Steinar Namtvedt
Bananemnda Sæbø: Radøy/Manger har driftsansvar i samsvar med avtale.

Verv utanfor laget:

Idrettsrådet: Olav Steinar Namtvedt og Geir Olav Repål
Hordaland gym/turn: Jimmy Amundsen -BU Ungdom. Jimmy er og dommar i kretsen
Cato Plettens Minnefond: Vigdis Thomassen

Arbeidsåret 2018:

Styret har hatt 5 styremøter.
Medlemstal: 170. Av desse om lag 130 aktive.

Aktuelle saker:

- **Samfunnshuset "Skogen"**
 - Utviding av huset har gjeve mykje betre plass for idrettsutstyr og er ein stor lette for dei som driv turnaktivitetar i huset
- **Baner Sletta/Sæbø**
 - Bana på Sletta i god stand. Laget investerte i 2 robotar, og etter litt innkjøring fungerte dei godt.. Det var behov for slåing nokre gonger i starten. Stor takk til Kåre Stang og Bjørn Terje Thomassen.
 - Vedlikehald med lufting, tilføring av noko sand og resåing (160 kg frø) gjorde at bana vart betre i år. Måla har fått nye nett og det har vorte montert ny not bak bana i nord (takk til Fiske-nett for not). Ein del rydding kring anlegget var gjort, men her er enno ein del som må prioriterast. Vatningsanlegget var i bruk grunna ein lang periode med godt ver, men så vart det vatningsforbod. Bana klarte seg likevel bra. Bedet er vedlikehalde av Radøy Arbeidssenter.
 - Garasje/reiskapshus ved inngangsporten på nedsida av bana er ikkje på plass enno. Skøyte på aktuell parsell er no inne til godkjenning. Opprydding på nedsida av bana etter utvidinga i 2000 var nødvendig; -noko etterarbeid må gjerast til våren
 - R/M har driftsansvar for bana i Austmarka og bana er mykje nytta.
 - Garderobe/klubbhus i Austmarka. Planane er klare, søknad om tilskot er sendt og arbeidet er i gang. Kostnadsoverslag: kr. 5.462.408,-. Radøy kommune har forskottert spelemidlar og kompensasjon for meirverdiavgift kr.2.420.000,-.

- Radøy/Manger Fotballklubb – no Radøy Fotballklubb – tek del i arbeidet med dugnad og delfinansiering. Klubben skal ha leigeavtale på bruk/vedlikehald av huset.
- Reiskapsbygg ved bana på Sletta er med på lista over planlagde anlegg
- **Turn**
 - Største aktivitet i laget, med tilbod på Sletta og i hallen på skulen på Sæbø.
 - Avtale med Radøy kommune om bruk av utstyr på Sæbø er under utarbeiding.
 - Turngruppa arrangerte sommaroppvising på Sletta 24.mai på grasbana, Sletta, og juleoppvising i Radøyhallen 18.november, baa med stor deltaking og mange på tribunen. Gruppa gjer ein stor innsats og har høg aktivitet.
 - Basar i vår var vellukka og det vart tatt inn knapt kr.60.000,. Flott!
 - Foreldregruppe er etablert, og det vil avlasta leiarar/trenarar
 - Hovudstyret syner elles til turngruppa si årsmelding.
- **Andre aktivitetar**
 - Ei treningsgruppe trenar fotball i huset/på bana(Sletta) i vinter-/sommarhalvåret
- **Økonomi**
 - Rekneskapa syner eit overskot på kr. 100.582,-
 - Laget har Vipps
 - RealØkonomi V/Britt Straume er rekneskapsførar
 - Økonomien er etter styrets vurdering tilfredsstillande.
- **75-års Jubileum 10.mars 2018.** Jubileet vart ein suksess, og om lag 100 gjester fekk ein flott kveld på Samfunnshuset «Skogen», Sletta
 - Vedlagt ligg ei oppsummering av jubileumsfesten
- **Utmerkingar:**
 - På jubileumsfesten fekk fylgjande laget sitt heidersteikn:
 - Vigdis Thomassen, Renate Thomassen og Tanja Thomassen
 - På Kultur- og Idrettsgallaen 29.april var fylgjande tildelingar:
 - Stipend frå Cato Plettens minnefond vart tildelt Preben Friis Thomassen.
 - Radøy kommune sin Kulturpris for 2018 vart tildelt Olav Steinar Namtvedt.

Radøy Idrettslag gratulerer alle med velfortent heider

- **Anna**
 - Heimesida, www.radoyidrettslag.org, med Jostein Borlaug som redaktør, er diverre lite brukt. Me saknar fleire innlegg og bilete. Facebook-side for turn fungerer godt.
 - Medlemsadministrasjon med nytt system har vore eit omfattande arbeid. Frå 2020 skal alle idrettslag inn på KlubbAdmin, noko som vil krevja ein ny gjennomgang. Stor takk til Gunnar Friis, som no er i gang med dette arbeidet. Eige system for vaksne/støttemedlemmer må utviklast.
 - Radøy kommune og Hordaland idrettskrets sender med jamne mellomrom ut informasjon med ymse aktuelt stoff. Positivt.
 - Bingo i Knarvik. RIL har signert ny avtale med Sentrum Bingo AS for 2019, og me ber interesserte om å støtta tiltaket. Bra inntening for laget.
 - **Idrettsrådet** arbeider aktivt og har god kommunikasjon med kommunen. Viktig arbeid i samband med kommunesamanslåing (Lindås, Meland og

Radøy) har starta, og vil bli fylgt opp fram mot 2020. Vilkår og konsekvensar for idretten i den nye kommunen må avklarast.

- Den årlege julesamlinga måtte diverre avlysast grunna lita påmelding.
- Styret etterlyser nye aktivitetar. Me er avhengig av at nokon tar leiaransvar, og vonar me kan få nye aktivitetar i gang i 2019.

Styret vil takka alle som har tatt del i idrettslaget sitt arbeid i 2018. Stor innsats frå frivillige og interesserte er avgjerande for vidare aktivitet i laget.

Sletta 10.mars 2019

Olav Steinar Namtvedt
Leiar

Geir Olav Repål
nestleiar/skrivar

Adelheid Instebø
styremedlem